

MØTEPROTOKOLL

Organ	Fylkestinget
Møtestad	Loen - Hotel Alexandra
Møtedato	13. og 14.06.2017
Kl.	10:00

År 2017, 13. juni kl. 10.00, kom fylkestinget i Sogn og Fjordane saman til fylkesting på Hotel Alexandra, Loen.

Medlemene i fylkestinget var kalla inn til fylkestinget ved e-post av 24. mai 2017. Tingmøtet vart opna av fylkesordførar Jenny Følling. Ho las kunngjeringa og innkallinga til møtet. Kunngjeringa og innkallinga vart godkjend.

Representanten Senea Sabanovic hadde meldt forfall til tingseta. I hennar stad møtte 1. vararepresentant Marie-Helene Hollevik Brandsdal. Fylkestinget godkjende forfallet til Sabanovic.

Det vart halde namneopprop og desse representantane møtte:

SENTERPARTIET:

Jenny Følling
Sigurd Erlend Reksnes
Aleksander Øren Heen
Karen Marie Hjelmesæter
Gunn Åmdal Mongstad
Anders Ryssdal
Arnstein Menes
Ole Johnny Stubhaug
Gunn Karin Sande
Erlend Haugen Herstad

ARBEIDERPARTIET:

Åshild Kjelsnes
Hilmar Høl
Helen Hjertaas
Torbjørn Vereide
Harald Bjarte Reite
Karianne Torvanger
Henrik Oppen
Odd Atle Stegegjerdet
Marie-Helene Hollevik Brandsdal

HØGRE:

Norvalv Distad
Sonja Merethe Øvre-Flo
Bjørn Erik Hollevik
Anne Kristin Lilleaasen

FRAMSTEGSPARTIET:

Frank Willy Djuvik
Marita Gunn Aarvik

VENSTRE:

Gunhild Alis Berge Stang
Alfred Bjørlo (til stades frå 13.06, kl 10.25)

KRISTELEG FOLKEPARTI:

Trude Brosvik
Jon Olav Kvamme

SOSIALISTISK VENSTREPARTI:

Jakob Andre Sandal

MILJØPARTIET DEI GRØNE:

Stein Faleide Malkenes

Fylkesordføraren sa møtet lovleg sett.

Fylkestinget song første verset av «Gud signe vårt dyre fedreland».

Etter framlegg frå fylkesordføraren valde fylkestinget Svein Hågård, Marit Silje Husabø og Helga Bjørkhaug som sekretariat.

Representantane Marita Aarvik og Henrik Oppen vart valde til å godkjenne møteboka på vegner av fylkestinget.

Fylkesrådmann Tore Eriksen var til stades.

Fylkesordføraren opplyste at sakene var sendt ut 02.06.17.

Saklista vart godkjend.

Fylkesordføraren opplyste at ho ville svare på ein førespurnad frå representanten Trude Brosvik om skuleskyss etter handsaminga av sakene.

Ordførar i Stryn, Sven Flo, helsa fylkestinget.

Fylkesordføraren heldt tale til fylkestinget. Fylkesrådmannen orienterte så om det vidare arbeidet med regionreforma. Det vart deretter avvikla debatt om fylkesordføraren sin tale.

SAK 12/17 Fylkestinget sitt årlege møte med Sogn og Fjordane Energi AS

VEDTAK:

Fylkestinget fekk ei orientering frå Sogn og Fjordane Energi AS.

SAK 13/17 Sogn og Fjordane Energi AS - kapitaltilførsel

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Fylkestinget ber eigarrepresentanten frå Sogn og Fjordane Holding AS røyste for emisjonen på generalforsamlinga i Sogn og Fjordane Energi AS.
2. Fylkeskommunen vil – gjennom Sogn og Fjordane Holding AS – delta i emisjonen med 195 063 aksjar (130 042 a - aksjar og 65 021 b - aksjar) til ein kurs av kr 615,19 pr. aksje.
3. Kr 120 000 807,- vert tilført Sogn og Fjordane Holding AS frå fylkeskommunen sitt bufferfond i ein retta emisjon i holdingselskapet. Det skal skje ved nytteikning av 195 063 aksjar a kr. 1, til ein verdi av 615,19 pr. aksje. Resten av kr 120 000 807,-, dvs. kr 119 805 744,-, vert ført til overkurs. Føresetnaden er at heile beløpet vert nytta til å styrke eigenkapitalen i Sogn og Fjordane Energi AS.
4. Når resultatet av emisjonen i Sogn og Fjordane Energi AS er kjent, kan styret – om naudsynt – kome attende til fylkestinget med spørsmål om å nytte resten av opsjonen, redusere utbyte i nokre år og/eller yte eit ansvarleg lån.

Endringsframlegg:

Fylkestinget sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Fylkestinget ber eigarrepresentanten frå Sogn og Fjordane Holding AS røyste for emisjonen på generalforsamlinga i Sogn og Fjordane Energi AS.
2. Fylkeskommunen vil – gjennom Sogn og Fjordane Holding AS – delta i emisjonen med alle teikningsrettane til fylkeskommunen. Det vil seie at ein teiknar seg for 274 002 aksjar, fordelt med 182 668 a-aksjar og 91 334 b-aksjar, til ein kurs av 615,19 kroner pr. aksje
3. 168 563 290 kr vert tilført Sogn og Fjordane Holding AS frå fylkeskommunen sitt bufferfond i ein retta emisjon i holdingselskapet. Det skal skje ved nytteikning av 274 002 aksjar a kr. 1, til ein verdi av 615,19 pr. aksje. Resten av kr 168 563 290, -, dvs. kr 168 289 288 vert ført til overkurs. Føresetnaden er at heile beløpet vert nytta til å styrke eigenkapitalen i Sogn og Fjordane Energi AS.

Miljøpartiet Dei Grøne sette fram slikt framlegg til nytt punkt 4:

Fylkestinget ber SFE legge fram ei kredittvurdering om eigenverdien av uberørt natur og i kva grad selskapet vil ta eige ansvar for å la uberørt natur forbli slik for framtidige generasjoner.

Avrøyting:

Endringsframlegget frå fylkestinget vart samrøystes vedteke.

Tilrådinga frå fylkesutvalet fekk ingen røyster.

Framlegget til nytt punkt 4 frå Miljøpartiet Dei Grøne fekk 1 røyst, og framlegget vart forkasta.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Fylkestinget ber eigarrepresentanten frå Sogn og Fjordane Holding AS røyste for emisjonen på generalforsamlinga i Sogn og Fjordane Energi AS.
2. Fylkeskommunen vil – gjennom Sogn og Fjordane Holding AS – delta i emisjonen med alle teikningsrettane til fylkeskommunen. Det vil seie at ein teiknar seg for 274 002 aksjar, fordelt med 182 668 a-aksjar og 91 334 b-aksjar, til ein kurs av 615,19 kroner pr. aksje
3. 168 563 290 kr vert tilført Sogn og Fjordane Holding AS frå fylkeskommunen sitt bufferfond i ein retta emisjon i holdingselskapet. Det skal skje ved nytteikning av 274 002 aksjar a kr. 1, til ein verdi av 615,19 pr. aksje. Resten av kr 168 563 290, -, dvs. kr 168 289 288 vert ført til overkurs. Føresetnaden er at heile beløpet vert nytta til å styrke eigenkapitalen i Sogn og Fjordane Energi AS.

SAK 14/17 Desisjon av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2016 - rapport

VEDTAK:

1. Rapport etter gjennomgang av møtebøkene for fylkesutvalet og hovudutvala 2016 vert teken til etterretning.
-

SAK 15/17 Forvaltningsrevisjon - Arkiv og offentlegheit - Rapport

VEDTAK:

1. Fylkestinget tek rapport etter gjennomført forvaltningsrevisjon av arkiv og offentlegheit til etterretning.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen følgje opp rapporten slik:
 - a. Ferdigstille arkivplan innan 31. desember 2017
 - Dette omfattar tilrådingane 2 – 8 i rapporten
 - ii. Oppdatere og samle rutinane og retningslinene for journalføring og arkivering av ulike typar inn- og utgåande dokument.
 - iii. Utarbeide utfyllande rutinar for registrering av organinterne dokument.
 - iv. Utarbeidde rutinar som sikrar at journalpostar ikkje vert liggjande utover det som er naudsynt for sakshandsaminga.
 - v. Syte for at alle journaleiningane i fylkeskommunen vert inkludert i postlista.
 - vi. Gjennomgå rutinane for førehandsklassifisering, og sikre at desse er i samsvar med krava i regelverket.
 - vii. Vurdere tiltak for å sikre at dokument som vert unntatt offentlegheit vert påført fullstendig lovbestemt teiepliktsheimel, slik at det er klårt kva som er den faktiske årsaka til at dei er unntatt offentlegheit.
 - viii. Utarbeide rutinar for handsaming av innsynskrav i saksdokument. Rutinane bør omfatte prinsippa om meirinnsyn, og dei bør gjerast kjende blant dei tilsette.
 - b. Ferdigstille rutinar og retningsliner for skjerming, innsyn og lukking av politiske møte innan 31. desember 2017
 - Dette omfattar tilrådingane 6 – 9 i rapporten
 - vi. Gjennomgå rutinane for førehandsklassifisering, og sikre at desse er i samsvar med krava i regelverket.
 - vii. Vurdere tiltak for å sikre at dokument som vert unntatt offentlegheit vert påført fullstendig lovbestemt teiepliktsheimel, slik at det er klårt kva som er den faktiske årsaka til at dei er unntatt offentlegheit.
 - viii. Utarbeide rutinar for handsaming av innsynskrav i saksdokument. Rutinane bør omfatte prinsippa om meirinnsyn, og dei bør gjerast kjende blant dei tilsette.
 - ix. Vurdere tiltak for å sikre at reglane og prosedyrane for lukking av politiske møte vert utfyllande og tydelege, samt gjort kjende

- blant dei folkevalde, t.d. gjennom tilbod om ytterlegare opplæring.
- c. Få på plass rutinar for opplæring av tilsette og politikarar innan 31. desember 2017. Gjennomføring av opplæring vert ein kontinuerleg prosess.
- Dette omfattar tilrådingane 1, 9 og 10
 - i. Sikre at oppdatering og ajourføring av arkivplanen vert gjennomført, og at denne vert utforma i samsvar krava etter arkivforskrifta.
 - ix. Vurdere tiltak for å sikre at reglane og prosedyrane for lukking av politiske møte vert utfyllande og tydelege, samt gjort kjende blant dei folkevalde, t.d. gjennom tilbod om ytterlegare opplæring.
 - x. Sikre at dei tilsette mottar tilstrekkeleg opplæring i tema knytt til journalføring, arkivering og offentlegheit, og informere om kvar ein kan finne gjeldande rutinar og retningslinjer
3. Fylkesrådmannen rapporterer til kontrollutvalet gjennomføringa av dei tre hovudpunkta i etterkant av datoane for ferdigstilling av det enkelte hovpunkt.
-

SAK 16/17 Ny revidering av delegerings- og innstillingsreglementet

VEDTAK:

Fylkestinget vedtek delegerings- og innstillingsreglementet i samsvar med vedlegg med følgjande tillegg:

«Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag» (motorferdsellova)

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 5 til å gi uttale til kommunale forskrifter er delegert til fylkesrådmannen.»

SAK 17/17 Revisjon av reglementet for fylkestinget og reglementet for sakshandsaming i politiske utval

VEDTAK:

1. I reglementet for fylkestinget skal § 5, bokstav m, ha slik ordlyd:

Ugildskap - fritak

For medlemene sin habilitet gjeld reglane i forvaltningslova kap II og kommunelova § 40, nr 3. Ein medlem som er ugild i ei konkret sak, forlet plassen sin. Dersom møtet er lukka, skal vedkomande også forlate møterommet. Fylkestinget kan likevel i særskilde tilfelle, t.d. når medlemen har ei rolle i den vidare oppfølginga av saka, gje vedkomande løyve til å vere til stades i møterommet

2. I reglementet for sakshandsaming i politiske utval skal § 13 ha slik ordlyd:

Ugildskap - fritak

For medlemene sin habilitet gjeld reglane i forvaltningslova kap II og kommunelova § 40, nr 3. Ein medlem som er ugild i ei konkret sak, forlet plassen sin. Dersom møtet er lukka, skal vedkomande også forlate møterommet. Utvalet kan likevel i særskilde tilfelle, t.d. når medlemen har ei rolle i den vidare oppfølginga av saka, gje vedkomande løyve til å vere til stades i møterommet.

SAK 18/17 Nye vedtekter for Nasjonal digital læringsarena (NDLA)

Frå hovudutvalet for opplæring låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkestinget gjer vedtak om nye vedtekter for NDLA i samsvar med tilrådinga frå styret, jf. vedlegg 1.

Endringsframlegg:

Framstegspartiet sette fram slikt framlegg til nytt punkt:

Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram ei særskilt sak knytt til eigarskapen i NDLA som skal handsamast i samband med eigarmeldinga hausten 2017. Saka skal vurdere om samarbeidet hindrar konkurranse og innovasjon om digitale læremiddel og dei enkelte skulane sin valfridom. Saka skal og vurdere alternativ til dagens NDLA samarbeid.

Avrøysting:

Tilrådinga frå hovudutvalet for opplæring og endringsframlegget frå Framstegspartiet vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Fylkestinget gjer vedtak om nye vedtekter for NDLA i samsvar med tilrådinga frå styret, jf. vedlegg 1.
 2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram ei særskilt sak knytt til eigarskapen i NDLA som skal handsamast i samband med eigarmeldinga hausten 2017. Saka skal vurdere om samarbeidet hindrar konkurranse og innovasjon om digitale læremiddel og dei enkelte skulane sin valfridom. Saka skal og vurdere alternativ til dagens NDLA samarbeid
-

SAK 19/17 Avvikling av INU-ordninga

VEDTAK:

1. Den Interkommunale Næringsretta Utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgivaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora/ INU-ordninga vert avvikla.
2. Av restmidlane på kr. 2 144 926,- (etter at løyvingane for 2016 er gjorde) skal inntil kr. 544 486,- gå til å dekke kostnader knytt til avvikling av ordninga.
3. I samsvar med årsmøtevedtak i INU-ordninga (sak 7/2017) skal dei resterande 1,6 MNOK fordela likt (0,4 MNOK) på kvar av følgjande utviklingsprosjekt:
 - Regional innovasjonsstruktur (Kunnskapsparken)
 - Supply chain-prosjektet (Maritim Foreining)
 - IT-studium (Høgskulen)
 - Ingeniørstudium i bygg og anlegg (Høgskulen)

Fylkeskommunen skal handsame prosjekta. Dersom det viser seg at eit eller fleire av nemnde prosjekt/tiltak alt er fullfinansiert, så kan dei andre få meir, eller nye prioriterast av hovudutvalet.

4. Midlar ut over dette (renteinntekter og tilbakeførde midlar) skal jmf. årsmøtevedtak i hovudsak prioriterast til tettstadutvikling i dei tre kommunane.
 5. Hovudutvalet for næring og kultur får fullmakt til å disponere eventuelle restmidlar. Fylkesrådmannen må følgje opp dei formelle sidene knytt til avvikling.
-

SAK 20/17 Årsrapport 2016 for Sogn og Fjordane fylkeskommune

VEDTAK:

Årsrapport 2016 for Sogn og Fjordane fylkeskommune vert teken til orientering.

SAK 21/17 Rekneskap 2016 for Sogn og Fjordane fylkeskommune

VEDTAK:

- 1 Rekneskapen for Sogn og Fjordane fylkeskommune for 2016, som syner kr 2 129 774 698,47 til fordeling i driftsrekneskapen og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 14 539 741,95, vert godkjent.
 - 2 Rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) for 2016 på kr 14 539 741,95 vert avsett til bufferfondet.
-

SAK 22/17 Årsmelding skuleåret 2016/2017 Elev- og lærlingombodet

VEDTAK:

Årsmelding for skuleåret 2016/2017 frå elev- og lærlingombodet vert teken til orientering.

SAK 23/17 Anbod på Fylkesvegferjesambandet Barmsund – Barmen Krav til nullutslepp

VEDTAK:

1. Drift av ferjestrekninga Barmsund - Barmen skal lysast ut med krav om at energiforbruk knytt til drift av ferja skal vere på straum frå elnettet.

2. Riksregulativ for ferjetakstar skal gjelde for sambandet Barmsund - Barmen frå 1. juni 2019.
 3. Selje kommune skal dekke kostnaden med opningstid og drift ut over 12 timer måndag - fredag og 10 timer laurdag og søndag .
-

SAK 24/17 Ekspressbåtane Sogn - Bergen

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Det vert gitt høve til å utvide sesongen på ekspressbåten Bergen – Flåm – Bergen med inntil 1 månad i kvar retning. Føresetnaden for ei slik utviding er at reiselivsnæringa og operatør tek ansvaret og den økonomiske risikoen.
2. Fylkestinget er positiv til intensjonane med ei betre samankopling av Flåm og nordsida av Sognefjorden heile året. Fylkestinget ber leiar av hovudutvalet for samferdsle og administrasjonen gjennomføre drøftingar med Sogn Regionråd, Visit Sognefjord og Norled om mogelege løysingar for ei slik samankopling.

Endringsframlegg:

Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg som tillegg til punkt 2 i tilrådinga frå fylkesutvalet:

Ved vurdering av eventuell ny ruteproduksjon skal fylket sine forpliktingar til klimaomsyn og reduserte utslepp vektleggast.

Arbeidarpartiet og Senterpartiet sette fram slikt framlegg til endring av punkt 2 i tilrådinga frå fylkesutvalet:

Fylkestinget er positiv til intensjonane med ei betre samankopling av Flåm og nordsida av Sognefjorden heile året. Fylkestinget ber leiar av Samferdsleutvalet og administrasjonen gjennomføre drøftingar med Sogn Regionråd, kommunane i Ytre Sogn, Norled og reisemålsselskapa Visit Fjordkysten og Visit Sognefjord om mogelege løysingar for ei slik samankopling. Fylkestinget ber om ei klargjering av kostnader og konsekvensar for dei reisande. Det skal og undersøkast høvet til å innføre differensiert prising for dei reisande.

Miljøpartiet Dei Grøne sette fram slikt framlegg til vedtak:

1. Av klimaomsyn bør ikkje ekspressbåttilbodet utvidast i skuldersesongane før nullutsleppsteknologi er moden. Å auke klimagassutsleppa med 360 000 liter (2,2% av fylkeskommunale utslepp) tilsvarer ein auke på 992 844 kg CO₂.
2. Av same årsak bør ikkje endestoppet endrast til Flåm. Her vil tilsvarende klimagassauke bli 541 001 kg. Til saman vil klimagassauken bli om lag 1,5 tonn/år, basert på tala frå saksutgreiinga. I tillegg har Flåm allereie gode bussforbindelsar til/frå Bergen.
3. Den totale økonomiske situasjonen i prosjekta, tilseier at fylkeskommunen kan pådra seg ei auka utgift på fleire millionar kroner. Dette må utgjera opp til vidare handsaming av saka.

Avrøyting:

Framlegget frå Miljøpartiet Dei Grøne fekk 1 røyst og vart forkasta.

Punkt 1 i tilrådinga frå fylkesutvalet vart vedteke mot 1 røyst.

Framlegget frå Senterpartiet og Arbeidarpartiet til punkt 2 vart vedteke mot 1 røyst.

Punkt 2 i tilrådinga frå fylkesutvalet kom ikkje opp til avrøyting.

Framlegget frå Kristeleg Folkeparti fekk 6 røyster og vart forkasta.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Det vert gitt høve til å utvide sesongen på ekspressbåten Bergen – Flåm – Bergen med inntil 1 månad i kvar retning. Føresetnaden for ei slik utviding er at reiselivsnæringa og operatør tek ansvaret og den økonomiske risikoen.
 2. Fylkestinget er positiv til intensjonane med ei betre samankopling av Flåm og nordsida av Sognefjorden heile året. Fylkestinget ber leiar av Samferdsleutvalet og administrasjonen gjennomføre drøftingar med Sogn Regionråd, kommunane i Ytre Sogn, Norled og reisemålsselskapene Visit Fjordkysten og Visit Sognefjord om mogelege løysingar for ei slik samankopling. Fylkestinget ber om ei klargjering av kostnader og konsekvensar for dei reisande. Det skal og undersøkast høvet til å innføre differensiert prising for dei reisande.
-

SAK 25/17 Sørvest Bomvegselskap AS - garanti for lån til kjøp av BT Signaal AS

VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev sjølvskuldgnargaranti overfor Sørvest Bomvegselskap AS for lån på inntil 22 mill. kr.
 2. Garantiansvaret gjeld i inntil 10 år.
 3. Garantien må godkjennast av Kommunal- og moderniseringsdepartementet, jf. kommunelova § 51, 1. pkt.
-

SAK 26/17 Tertiarrapport 1/2017

VEDTAK:

A. Det vert gjort slike endringar i driftsbudsjettet for 2017

- 1 Budsjettert fylkesskatt vert redusert med 2,000 mill. kr.
- 2 Lokale inntekter vert redusert med 34,000 mill. kr.
- 3 Sentralt budsjetterte midlar til pensjon vert redusert med 7,000 mill. kr.
- 4 Budsjetterte avdrag vert redusert med 38,800 mill. kr.
- 5 Driftsmidlar til investering vert redusert med 2,500 mill. kr.
- 6 Sektorbudsjettet til opplæring vert auka med 0,750 mill. kr med slik fordeling:
Teneste 5150 Forvaltning og fellesutgifter vert auka med 2,660 mill. kr
Teneste 5200 Pedagogisk leiing vert redusert med 2,660 mill. kr
Teneste 5201 Pedagogiske fellesutgifter vert redusert med 3,000 mill. kr

Teneste 5210 Utdanningsprogramma vert auka med 5,200 mill. kr

Teneste 5611 PP-tenesta vert redusert med 1,450 mill. kr.

- 7 Tilbakeførte midlar frå Innovasjon Norge på 1,260 mill. kr vert inntektsført på sektoren næring og kultur. Midlane vert avsett på disposisjonsfond og skal nyttast til breibandsatsing i 2018.
- 8 Sektorbudsjettet til samferdsle, teneste 7221 Driftsmidlar overført til investering, vert redusert med 14,400 mill. kr.
- 9 Samla vert driftsbudsjettet saldert ved avsetjing til bufferfond med 25,950 mill. kr.

B. Det vert gjort slike endringar i kapitalbudsjettet for 2017

- 1 Investeringsprogrammet for bygg med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 2.
- 2 Investeringsprogrammet for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan vert endra i samsvar med vedlegg 3.

C. Andre områder

- 1 Rapportering på finansporteføljen i Vedlegg 4 vert teken til vitande.
- 2 Rapportering på konsesjonskraftomsetjing i vedlegg 5 vert teken til vitande.

SAK 27/17 Økonomiplan 2018-2021

Frå fylkesutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sin økonomiplan 2018-2021 vert vedteken slik det går fram av fylkesrådmannen si saksframstilling.
2. Dette gjev følgjande rammer for fellesinntekter og -utgifter:

	2018	2019	2020	2021
Skatt på inntekt og formue	-611,449	-606,449	-601,449	-596,449
Statleg rammetilskot	-1 693,339	-1 658,038	-1 596,721	-1 596,721
Regionale utviklingmidlar (KMD-midlar)	-58,010	-58,010	-58,010	-58,010
Driftsmidlar til investering	2,000	2,000	2,000	2,000
Fylkeskommunal næringsverksemd	-40,000	-40,000	-40,000	-40,000
Kapitalinntekter/-utgifter - netto	117,490	124,090	127,690	128,090
Bruk/avsetting til fond	57,020	11,860	13,880	7,825
Ufordelte fellespostar - pensjon	-12,000	-12,000	-12,000	-12,000
Fellesinntekter og -utgifter - netto	-2 238,288	-2 236,547	-2 164,610	-2 165,265

3. Dette gjev følgjande sektorrammer:

	2018	2019	2020	2021

Politisk styring, plan og forvaltning	167,555	167,156	166,508	167,163
Opplæring	833,164	826,882	822,199	822,199
Tannhelsetenesta	78,786	78,786	78,786	78,786
Nærings- og kultur	145,569	143,909	143,909	143,909
Samferdsle	1 013,214	1 019,814	953,208	953,208
Sum sektorrammer	2 238,288	2 236,547	2 164,610	2 165,265

Desse rammene vert lagt til grunn for det vidare budsjett- og økonomiplanarbeidet.

4. Førebelgs investeringsvolum vert auka med 1,5 mrd. kr i høve økonomiplan 2017-20. Auken er føresett finansiert ved bruk av fond.
5. Økonomiplanen 2018-2021 har form av å vere eit endringsdokument i høve gjeldande budsjett 2017/økonomiplan 2017-20. Det inneber at berre endringar i høve nemnde budsjett/økonomiplan er kommenterte.
6. Tiltrådde tilpassingar på både drifts- og investeringsbudsjettet må om naudsynt utgreiaast og konkretiserast som ein del av arbeidet med budsjett 2018.
7. Fylkestinget ber fylkesrådmannen kome tilbake med ei oversikt på korleis midlar retta mot ferjefylka vert nyttå i tråd med forventningar frå departementet og fylkeskommunen sine planar og behov på området.

Endringsframlegg:

Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti og Sosialistisk Venstreparti sette fram slikt framlegg til vedtak:

Nærings- og Kultur får auka driftsramme med 1 million til teneste 7720 Kunstproduksjon. Auken vert dekka av redusert avsetting til bufferfondet.

Venstre sette fram slikt framlegg til nytt punkt:

Fylkestinget ber fylkesrådmannen kome tilbake til fylkestinget med ei vurdering på behov for forskottering av planleggingsmidlar til rassikringsprosjekt i samband med RTP og behandling av økonomiplan i desember.

Fylkestinget sette fram slikt framlegg til nytt punkt:

Fylkestinget er positiv til realisering av ny, innandørs fotballhall i Florø. Fylkestinget vil vurdere støtte til etablering når ein evt får førelagt ein konkret søknad. Denne må i så fall vurderast opp imot regionale planar og økonomiske føresetnader.

Fylkesordføraren sette fram slikt framlegg til justering i punkt 4:

Førebelgs investeringsvolum vert auka med 1,5 mrd. kr i høve økonomiplan 2017-20. Dette talet må likevel nedjusterast tilsvarende FT sitt vedtak i sak 13/17 – kapitaltilførsel til SFE AS. Den samla auken er føresett finansiert ved bruk av fond.

Avrøyting:

Framlegget frå Senterpartiet, Arbeidarpartiet, Kristeleg Folkeparti og Sosialistisk Venstreparti vart vedteke mot 5 røyster.

Framlegga frå Venstre, fylkestinget og fylkesordføraren vart samrøytes vedtekne.

Tilrådinga frå fylkesutvalet, med vedtekne endringar som vist ovanfor, vart samrøystes vedteken.

Dette gir følgjande VEDTAK:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sin økonomiplan 2018-2021 vert vedteken slik det går fram av fylkesrådmannen si saksframstilling.
2. Næring og Kultur får auka driftsramme med 1 million til teneste 7720 Kunstproduksjon. Auken vert dekkja av redusert avsetting til bufferfondet.
3. Dette gjev følgjande rammer for fellesinntekter og -utgifter:

	2018	2019	2020	2021
Skatt på inntekt og formue	-611,449	-606,449	-601,449	-596,449
Statleg rammetilskot	-1 693,339	-1 658,038	-1 596,721	-1 596,721
Regionale utviklingmidlar (KMD-midlar)	-58,010	-58,010	-58,010	-58,010
Driftsmidlar til investering	2,000	2,000	2,000	2,000
Fylkeskommunal næringsverksemd	-40,000	-40,000	-40,000	-40,000
Kapitalinntekter/-utgifter - netto	117,490	124,090	127,690	128,090
Bruk/avsetting til fond	56,020	10,860	12,880	6,825
Ufordelte fellespostar - pensjon	-12,000	-12,000	-12,000	-12,000
Fellesinntekter og -utgifter - netto	-2 239,288	-2 237,547	-2 165,610	-2 166,265

4. Dette gjev følgjande sektorrammer:

	2018	2019	2020	2021
Politisk styring, plan og forvaltning	167,555	167,156	166,508	167,163
Opplæring	833,164	826,882	822,199	822,199
Tannhelsetenesta	78,786	78,786	78,786	78,786
Næring og kultur	146,569	144,909	144,909	144,909
Samferdsle	1 013,214	1 019,814	953,208	953,208
Sum sektorrammer	2 239,288	2 237,547	2 165,610	2 166,265

Desse rammene vert lagt til grunn for det vidare budsjett- og økonomiplanarbeidet.

5. Førebels investeringsvolum vert auka med 1,5 mrd. kr i høve økonomiplan 2017-20. Dette talet må likevel nedjusterast tilsvarende FT sitt vedtak i sak 13/17 – kapitaltilførsel til SFE AS. Den samla auken er føresett finansiert ved bruk av fond.
6. Økonomiplanen 2018-2021 har form av å vere eit endringsdokument i høve gjeldande budsjett 2017/økonomiplan 2017-20. Det inneber at berre endringar i høve nemnde budsjett/økonomiplan er kommenterte.
7. Tilrådde tilpassingar på både drifts- og investeringsbudsjettet må om naudsynt utgreiaast og konkretiserast som ein del av arbeidet med budsjett 2018.
8. Fylkestinget ber fylkesrådmannen kome tilbake med ei oversikt på korleis midlar retta mot ferjefylka vert nytta i tråd med forventningar frå departementet og fylkeskommunen sine planar og behov på området.

9. Fylkestinget ber fylkesrådmannen kome tilbake til fylkestinget med ei vurdering på behov for forskottering av planleggingsmidlar til rassikringsprosjekt i samband med RTP og behandling av økonomiplan i desember.
 10. Fylkestinget er positiv til realisering av ny, innandørs fotballhall i Florø.
Fylkestinget vil vurdere støtte til etablering når ein evt får førelagt ein konkret søknad. Denne må i så fall vurderast opp imot regionale planar og økonomiske føresetnader.
-

Fylkesordføraren orienterte fylkestinget om samansettninga av ekspertutvalet som skal arbeide med oppgåvefordeling til fylkeskommunane i samband med regionreforma. Fylkesrådmann Tore Eriksen er blant medlemene i utvalet.

Representanten Trude Brosvik sette fram ein på førehand varsla førespurnad til fylkesordføraren. Ho svarte på denne.

Fylkesordføraren takka fylkestinget og dei som hadde teke del i avviklinga av tingseta.

Fylkesvaraordføraren takka fylkesordføraren for god møteleiing.

Fylkestinget song "Vil Gud ikkje vera bygningsmann".

Fylkestinget 14. juni 2017 på Hotel Alexandra, Stryn kommune, var slutt kl. 12.35